

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2024/5376-34

Saksbehandlar

Karoline Eide Holmedal

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2026/25	Formannskapet	09.04.2026

Utviding av skjenkeareal - fast skjenkeløyve Spritz

Innstilling frå kommunedirektøren:

Formannskapet si behandling i møte den 09.04.2026:

BEHANDLING:

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Søknad om utviding av fast skjenkeområde til også å gjelda restaurant/gatekjøken i same bygget, Sæbøvikvegen 153 vert godkjent. Vilkår knytt til eksisterande skjenkeløyve gjeld også det nye lokalet.

Søknad om utviding av fast skjenkeområde til også å gjelda restaurant/gatekjøken i same bygget, Sæbøvikvegen 153 vert godkjent. Vilkår knytt til eksisterande skjenkeløyve gjeld også det nye lokalet.

Oppsummering

Spritz AS søker om å utvida skjenkeområdet til også å gjelda restaurant i same bygg.

Saksutgreiing:

Eit skjenkeløyve vert gitt for eit «bestemt lokale og en bestemt type virksomhet», jamfør alkohollova § 4-2 fjerde avsnitt. Spritz AS fekk fast skjenkeløyve for bardrift i desember 2024. Her er det eit innandørs skjenkeområde på ca. 140 kvm (ut frå nye teikningar noko mindre, ca. 125 kvm).

Spritz AS planlegg å utvida drifta til også å inkludera matsservering. Nabolokalet har fullt utrusta kjøken, som vil gje eit meir heilheitleg tilbod. Restauranten skal tilby både take-away og servering i lokalet. På natt vil maten bli seld via luke.


Kommunen har mynde til å utøva stor grad av skjøn i vurderinga av om søknadar om skjenkeløyve skal bli gitt. Alkoholova § 1-7 seier at kommunen «*blant annet*» kan leggja vekt på «*antallet [..] skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig*». Det kan også «*settes vilkår for bevilgingen i samsvar med alminnelige forvaltningsrettslige regler.*» jf. alkoholova § 4-3.

Det er dør mellom dei to lokala, slik at gjestene enkelt kan flytta seg mellom lokala. Dersom gjester beveger seg frå restaurantområdet til barområdet utandørs, må løyvehavar passa på at ikkje gjester tar med seg alkohol utandørs/ut av skjenkeområdet. Sidan alkoholova allereie gjev løyvehavar prikkar dersom gjester tar med skjenka alkoholhaldig drikk ut av lokalet, er det ikkje naudsynt å setja ekstra vilkår om dette.

Ei godkjenning av søknaden medfører eit totalt skjenkeareal litt over 200 kvadrat.

Lokalet utvidinga gjeld ligg i direkte tilknytning til eksisterande skjenkeområde og kommunedirektøren finn ikkje moment som talar mot å gje skjenkeløyve. Basert på konseptet legg kommunedirektøren til grunn at utvidinga ikkje vil medføre meir støy eller få andre negative følgjer. Søknaden er difor ikkje sendt på høyring.

Utviding av serveringsløyvet vil bli handsama delegert i samsvar med delegeringsreglementet



Konklusjon:

Kommunedirektøren rår formannskapet til å innvilga søknaden om å utvida fast skjenkeområde til også å gjelda restaurant i tilknytt lokale.